



MØTEBOK

Organ	Kontrollutvalet
Møtestad	Fylkeshuset, Hermansverk, møterom Skåla
Møtedato	20.11.2018
Kl.	09:00 – 14:45

Faste medlemmer til stades:

Frank Willy Djuvik, Odd Atle Stegegjerdet, Klaus Iversen, Karoline Bjerkeset

Forfall til møtet:

Lise-May Sæle

Varamedlemmer til stades:

Frode Bøthun

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesadministrasjonen: Rådgjevar OA Astrid Hove (sak 47/18); Rådgjevar FRM Signe Rauboti (sak 48/18); Prosjektleder OA Kenth Rune Teigen Måren (sak 52/18)

Deloitte AS: Kari Gåsemyr (sak 47,48,50/18 og sak 51/18 pkt 1); Kjersti Gjuvslund (sak 47,48); Frode Løvlie (sak 50/18)

SF revisjon: Marianne Vara (Sak 53/18 og 51/18 pkt. 2 og 5)

Sekretariat for møtet:

Einar Ulla

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Ope møte

Kontrollutvalet vedtok samrøystes at sak nr. 51/18 pkt. 6g skulle handsamast for lukka dører jf. kommunelova § 31 nr. 3.

SAK 47/18 Forvaltningsrevisjon - Utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule - rapport

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding: Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av utdanning og yrkesrådgjeving til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
 1. Sikre at det ved alle vidaregåande skular finst lett tilgjengeleg informasjon til elevane om når rådgjevarane er tilgjengelege, kvar dei er tilgjengelege og kva oppgåver dei kan hjelpe med.
 2. Gje alle elevar direkte tilbod om individuelle samtalar på initiativ frå rådgjevar slik at terskelen for å søke rådgjeving blir lågast mogleg.
 3. Vurdere korleis innspela frå elevane om forbetringar knytt til utdannings og yrkesrettleiinga kan følgjast opp. Under dette:
 - a. om og eventuelt korleis det er mogleg å auke omfanget av utplassering i bedrift gjennom faget yrkesfagleg fordjuping
 - b. sikre kvalitet i informasjonen som blir gitt i overgangen mellom Vg1 og Vg2, inkludert informasjon om innhaldet i ulike Vg2 tilbod
 - c. sikre rådgjeving/ karrieresamtale før Vg3
 - d. vurdere rådgjeving/ informasjon knytt til kva moglegheiter som finst for høgare utdanning for elevar som går yrkesfag
 4. Vurdere korleis næringslivet i større grad kan involverast i rådgjevarane og skulane sitt informasjonsarbeid knytt til utdanningsval.
 5. Arbeide for at rådgjevarane i vidaregåande skule innfrir tilrådde kompetansekrav frå utdanningsdirektoratet og at det blir utarbeidd planar for kompetanseutvikling for rådgjevarane i samarbeid med skuleleiinga ved den enkelte skule.
 6. Sikre at tiltak som skal bidra til auka kompetanse hos rådgjevarane i vidaregåande skule blir evaluert jamleg for å sikre best mogleg utbytte.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka, og rapportere status til kontrollutvalet innan 30.05.2019.

Endringsframlegg frå Frode Bøthun:

Pkt. 2 underpunkt 2: Sikre at terskelen for å søke rådgjeving vert lågast mogleg til dømes gjennom tilbod om individuelle samtalar på initiativ frå rådgjevar.

Endringsframlegg frå Frank Willy Djuvik:

Pkt. 2 underpunkt 4: Vurdere om og korleis næringslivet i større grad kan involverast i rådgjevarane og skulane sitt informasjonsarbeid knytt til utdanningsval.

Avrøysting:

Tilrådinga med føreslegne endringsframlegg vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av utdanning og yrkesrådgjeving til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
 1. Sikre at det ved alle vidaregåande skular finst lett tilgjengeleg informasjon til elevane om når rådgjevarane er tilgjengelege, kvar dei er tilgjengelege og kva oppgåver dei kan hjelpe med.
 2. Sikre at terskelen for å søke rådgjeving vert lågast mogeleg til dømes gjennom tilbod om individuelle samtaler på initiativ frå rådgjevar.
 3. Vurdere korleis innspela frå elevane om forbetringar knytt til utdannings og yrkesrettleiinga kan følgjast opp. Under dette:
 - a. om og eventuelt korleis det er mogleg å auke omfanget av utplassering i bedrift gjennom faget yrkesfagleg fordjuping
 - b. sikre kvalitet i informasjonen som blir gitt i overgangen mellom Vg1 og Vg2, inkludert informasjon om innhaldet i ulike Vg2 tilbod
 - c. sikre rådgjeving/ karrieresamtale før Vg3
 - d. vurdere rådgjeving/ informasjon knytt til kva moglegheiter som finst for høgare utdanning for elevar som går yrkesfag
 4. Vurdere om og korleis næringslivet i større grad kan involverast i rådgjevarane og skulane sitt informasjonsarbeid knytt til utdanningsval.
 5. Arbeide for at rådgjevarane i vidaregåande skule innfrir tilrådde kompetansekrav frå utdanningsdirektoratet og at det blir utarbeidd planar for kompetanseutvikling for rådgjevarane i samarbeid med skuleleiinga ved den enkelte skule.
 6. Sikre at tiltak som skal bidra til auka kompetanse hos rådgjevarane i vidaregåande skule blir evaluert jamleg for å sikre best mogleg utbytte.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka, og rapportere status til kontrollutvalet innan 30.05.2019.

SAK 48/18 Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2017 - Rapport

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Rapport etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2017 vert teken til etterretning.

Tilleggsframlegg frå Frank Willy Djuvik:
Saka vert ikkje sendt til fylkestinget.

Avrøysting:

Tilrådinga med tilleggsframlegget vart samrøystes vedtekne

Dette gir følgjande endelege VEDTAK:

1. Rapport etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2017 vert teken til etterretning.

SAK 49/18 Val av revisor til Vestland fylkeskommune

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek framlagd plan for anbudsprosess for val av revisor til Vestland fylkeskommune til vitande

Tilleggsframlegg som kom fram i møtet:

Nytt pkt. 2

Kontrollutvalet ber sekretariata legge opp til endeleg val av revisor på fellesnemnda sitt møte 12. september 2019.

Avrøysting:

Tilrådinga og tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek framlagd plan for anbudsprosess for val av revisor til Vestland fylkeskommune til vitande
2. Kontrollutvalet ber sekretariata legge opp til endeleg val av revisor på fellesnemnda sitt møte 12. september 2019.

SAK 50/18 Forvaltningsrevisjon - Bestilling av prosjekt november 2018

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Framlegg i møtet:

1. Kontrollutvalet vedtek å bestille forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik
2. Kontrollutvalet vedtek å bestille prosjektet ut frå vedlagte bestillingsdokument, og ber revisor vurdere problemstillingar og avgrensingar i prosjektplanen
3. Kontrollutvalsleiar får i samråd med kontrollsjef fullmakt til å godkjenne prosjektplanen

Avrøysting:

Framlegget som kom fram i møtet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet vedtek å bestille forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik
2. Kontrollutvalet vedtek å bestille prosjektet ut frå vedlagte bestillingsdokument, og ber revisor vurdere problemstillingar og avgrensingar i prosjektplanen
3. Kontrollutvalsleiar får i samråd med kontrollsjef fullmakt til å godkjenne prosjektplanen

SAK 51/18 Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 20. november 2018

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama i møtet:

1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte
 - a. HMT og inkluderande arbeidsliv

Prosjektet går etter planen. Status teke til vitande.

2. Status finansiell revisjon v/SF revisjon IKS

SF revisjon orienterte om status for finansiellrevisjon. Revisjonen orienterte også om gjennomført kvalitetskontroll, der SF revisjon IKS fekk karakter **godkjent**. Status og orientering vart tekne til vitande.

Kontrollutvalet ba sekretariat og SF revisjon IKS utarbeide avtale om finansiell revisjon 2019, med ferdigstilling våren 2020. Avtalen leggest fram for politisk handsaming våren 2019.

3. Medlemsnytt frå Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

Teke til vitande

4. NDLA - Del 2 - Vedtak i kontrollutvalet Hordaland fylkeskommune

Teke til vitande

5. Fylkeskommunen si utmelding frå SF revisjon IKS

Teke til vitande

6. Orientering frå leiar og kontrollsjef

- a. Fagsamling for dei fire fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet, program/påmelding

Teke til orientering

- b. Kontrollutvalskonferansen 30. - 31. januar 2019 på Gardermoen

Teke til orientering

- c. Fagkonferansen FKT 4. - 5. juni 2019 i Kristiansand

Teke til orientering

- d. Desisjon av møtebøker for fellesnemnda

Kontrollutvalet ba sekretariatet om å starte opp arbeidet med desisjon av møtebøkene frå Fellesnemnda sine møte.

- e. Sekretariata i fylket

Leiar og nestleiar i kontrollutvalet i tillegg til kontrollsjef er engasjert i arbeidet med eit nærare samarbeid mellom kontrollutvalssekretariata i fylket. Neste møte er 6. desember.

- f. Relasjonen mellom kontrollutvalet og fylkestinget vart drøfta.

- g. Godtgjersle etter ekstrainsats vinteren 2018. Møtet vart lukka. Saka er unntatt off. § 13.

SAK 52/18 Rapport om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune - notat om oppfølging oktober 2018

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet registrerer at det er gjennomført mykje positivt forbetningsarbeid på bakgrunn av tilrådingane som kom fram i rapporten frå Nordlandsforskning om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune.
2. Utvalet vurderer oppfølginga av rapporten til å vere gjennomført, og kontrollutvalet avsluttar dermed si oppfølging av saka.

SAK 53/18 Selskapskontroll 2018 - prosjektplan

Dette gir følgende VEDTAK:

1. Prosjektplan for eigarskapskontroll av Sogn og Fjordane teater LL vert godkjent
2. Kontrollutvalet ber SF revisjon IKS gjennomføre eigarskapskontrollen med ferdigstilling innan 4. januar 2019.

SAK 54/18 Møteplan kontrollutvalet 2019

Dette gir følgende VEDTAK:

1. Møteplan for kontrollutvalet 2019:

Måndag	11. februar
Måndag	1. april
Måndag	6. mai
Tysdag	28. mai
Måndag/Tysdag	2. – 3. september
Tysdag	1. oktober
Tysdag	19. november
Måndag	16. desember

SAK 55/18 Status forvaltningsrevisjon 2018

Dette gir følgende VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek status på oppfølging av forvaltningsrevisjon til vitande

**SAK 56/18 Oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit 2018 -
Sogn og Fjordane revisjon IKS**

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Vedlagde uavhengighetserklæring frå oppdragsansvarleg revisor i SF revisjon IKS vert teken til vitande.

**SAK 57/18 Oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit 2018 -
Deloitte AS**

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Vedlagde uavhengighetserklæring frå oppdragsansvarleg revisor i Deloitte AS vert teken til vitande.

SAK 58/18 Oppfølgingsliste 7 - 2018

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Oppfølgingsliste 7 – 2018 vert teken til orientering.
-